

KLAGENEMNDA FOR STEDSNAVNSAKER

Språkrådet
Postboks 1573 Vika
0118 Oslo
tlf. 22 54 19 69
e-post: post@sprakradet.no

MØTEPROTOKOLL FOR KLAGENEMNDA FOR STEDNAVNSAKER ETTER LOV 18. MAI 1990 NR. 11 OM STADNAMN, § 12

Klagesak 15/2020

Klager: Grunneier

Navn: *Hansesættet/Hansesætre/Hansesæter/Hanseseter*

Navnetype: Bruks- og eiendomsnavn og forledd i naturnavn

Det påklagede vedtaket gjort av: Kartverket, jf. § 7 tredje ledd

Leder i klagenemnda: Marit Halvorsen

Øvrige medlemmer: Kristin Bakken, Eldar Heide, Gunnar Andenes, Astrid Fuglås

Kort saksfremstilling

Kartverket gjorde 30. januar 2018 vedtak om skrivemåten *Hansesetret* for et eiendomsnavn i Aremark kommune. Vedtaket ble påklaget av André Hansesætre (eier av gnr/bnr 46/6), som ønsket skrivemåten *Hansesætre*, subsidiært *Hansesæter* eller *Hanseseter*. Etter ny høringsrunde endret Kartverket vedtaket til *Hansesættet*, men også dette vedtaket ble påklaget av André Hansesætre. Klager mener at vedtaket om *Hansesættet* vil føre til adressenavnet *Hansesætreveien*, som han mener blir en unaturlig skrivemåte. Kartverket viser til at det er gjort vedtak om skrivemåten *Hansesætermosen*, og at skrivemåten *Hansesæter*- skal fastsettes i sammensetninger. Saken er nå sendt til klagenemnda.

Nemndas vurderinger

Ordet *seter/sæter* er intetkjønnsord i Aremark, og må dermed skrives med *-t* til slutt i bestemt form entall. Uttalen av navnet er registrert som /'hansəsæ:trə/ i *Bustadnavn i Østfold* og /ha`nsəsə:tərə/ i herredsregisteret, noe som tilsier skrivemåten *-sættet*. Mange tilsvarende navn i området viser at det ikke er sannsynlig at uttaleformen reflekterer en gammel dativ- eller flertallsform. Når et navn i bestemt form inngår som forledd i et annet navn, tilsier tradisjonell navnelaging at den bestemte endelsen faller bort, jf. Kartverkets vedtak om naturnavnet *Hansesætermosen* og *Hansesæter*- i sammensetninger. Nemnda mente derfor at klagers argument for skrivemåten *Hansesætre*

ikke er relevant, og gikk enstemmig inn for skrivemåten *Hansesættet* for bruks- og eiendomsnavnene og *Hansesæter*- i sammensetninger.

Nemnda gjorde slikt enstemmig

VEDTAK:

Som skrivemåte fastsettes: **Hansesættet** for bruks- og eiendomsnavnene og **Hansesæter**- i sammensetninger.

Oslo, 2. oktober 2020

Marit Halvorsen
leder i klagenemnda

Line Lysaker Heinesen
sekretær

KLAGENEMNDA FOR STEDSNVNSAKER

Språkrådet
Postboks 1573 Vika
0118 Oslo
tlf. 22 54 19 69
e-post: post@sprakradet.no

MØTEPROTOKOLL FOR KLAGENEMNDA FOR STEDNAVNSAKER ETTER LOV 18. MAI 1990 NR. 11 OM STADNAMN, § 12

Klagesak 17/2020

Klager: Advokatfirmaet Bahr AS på vegne av grunneier

Navn: *Ost/Oust* med avledninger

Navnetype: Gårds-, bruks-, eiendoms- og naturnavn

Det påklagede vedtaket gjort av: Kartverket, jf. § 7 tredje ledd

Leder i klagenemnda: Marit Halvorsen

Øvrige medlemmer: Kristin Bakken, Eldar Heide, Gunnar Andenes, Astrid Fuglås

Kort saksfremstilling

Kartverket gjorde 11. februar 2020 vedtak om naturnavnet *Ostøya*, gårds- og bruksnavnet *Ost* og flere andre avledede stedsnavn med navneleddet *Ost-*. Kartverkets vedtak om skrivemåten *Ost* ble begrunnet med at skrivemåten har lang tradisjon, representerer den nedarvede uttalen og er i samsvar med norske rettskrivningsprinsipper. Vedtaket ble påklaget av Advokatfirmaet Bahr AS på vegne av Hans Oust Heiberg (eier av gnr/bnr 44/1) med ønske om skrivemåten *Oust* i alle navnene i saken, alternativt at *Oust* og *Ost* fastsettes som sidestilte parallellformer. Klager mener blant annet at nedarvet lokal uttale av navnet er med lang o, og viser også til skriftradisjonen for *Oost/Oust*. Etter ny høringsrunde stod Kartverket ved sitt forrige vedtak, og saken er sendt til klagenemnda.

Nemndas vurderinger

Navnets opphav er uklart, og er dermed ikke avgjørende for hvilken skrivemåte som bør fastsettes. To uttaler av navnet er i levende bruk, både med kort og lang vokal, men etter norske rettskrivningsprinsipper må disse uttalene gjengis på samme måte i skrift. Når det gjelder skriftradisjonen, fremgår det av saksdokumentene at det ikke er noen entydig tradisjon for hverken den ene eller den andre skrivemåten.

Nemnda var delt i sin konklusjon i denne saken. Et flertall av nemnda, bestående av Astrid Fuglås, Gunnar Andenes, Kristin Bakken og Eldar Heide, gikk inn for skrivemåten

Ost i samsvar med norske rettskrivningsprinsipper. Et mindretall av nemnda, bestående av Marit Halvorsen, gikk inn for skrivemåten *Oust* fordi denne skrivemåten har sterk tradisjon og er i samsvar med lokale ønsker.

Nemnda gjorde slikt

VEDTAK:

I samsvar med flertallet i nemnda fastsettes skrivemåten **Ost** for gårds og bruksnavnet, og **Ost-** i sammensetninger.

Oslo, 2. oktober 2020

Marit Halvorsen
leder i klagenemnda

Line Lysaker Heinesen
sekretær

KLAGENEMNDA FOR STEDSNVNSAKER

Språkrådet
Postboks 1573 Vika
0118 Oslo
tlf. 22 54 19 69
e-post: post@sprakradet.no

MØTEPROTOKOLL FOR KLAGENEMNDA FOR STEDSNVNSAKER ETTER LOV 18. MAI 1990 NR. 11 OM STADNAMN, § 12

Klagesak 16/2020

Klager: Privatperson

Navn: *Rasen* eller *Rasan*

Navnetype: Natur- og gårdsnavn m.m.

Det påklagede vedtaket gjort av: Kartverket, jf. § 7 tredje ledd

Leder i klagenemnda: Marit Halvorsen

Øvrige medlemmer: Kristin Bakken, Eldar Heide, Gunnar Andenes, Astrid Fuglås

Kort saksfremstilling

Kartverket gjorde i 2005 vedtak om skrivemåtene *Rasasjøen*, *Sør-Rasan*, *Nord-Rasan* mfl. Tore Rasen sendte 28. april 2020 en klage til Kartverket på navnet *Rasan/Rasen* med avledninger. Han ønsker at navnene tilbakeføres til *Rasen* og *Rasensjøen*. Kartverket sendte svar 27. mai 2020 der klagen ikke ble tatt til følge. Kartverket viser til at de vedtatte skrivemåtene er i samsvar med uttalen av navnene, og at det er lang normeringspraksis for skrivemåten *Rasa-* i innsjønavnet. Tore Rasen har nå sendt brev til klagenemnda. Han skriver i brevet til klagenemnda at navneendringen er et brudd på stedsnavnloven. Han mener at Kartverkets kommentar om at klagen er fremsatt for sent, er irrelevant.

Nemndas vurderinger

Det fremgår ikke av klagers brev at han har klagerett, jf. § 12 første ledd i stedsnavnloven (med henvisning til § 6). Vedtak kan påklages av:

- «a) eit offentleg organ og andre som er nemnde i § 1 tredje ledd
- b) eigaren eller festaren i saker som gjeld namn på eige gardsbruk eller eigedom
- c) ein lokal organisasjon med særleg tilknytning til eit stadnamn»

Klagefristen på tre uker er uansett oversittet, ettersom vedtaket ble gjort i 2005. Ifølge klagers brev datert 28. april 2020 fikk han oversendt dokumentene i saken fra Kartverket 3. oktober 2018, men han har likevel ikke sendt klage før halvannet år senere. Klagenemnda avviser derfor saken.

Nemnda gjorde slikt enstemmig

VEDTAK:

Saken avvises.

Oslo, 2. oktober 2020

Marit Halvorsen
leder i klagenemnda

Line Lysaker Heinesen
sekretær

KLAGENEMNDA FOR STADNAMNSAKER

Språkrådet
Postboks 1573 Vika
0118 Oslo
tlf. 22 54 19 69
e-post: post@sprakradet.no

MØTEPROTOKOLL FOR KLAGENEMNDA FOR STADNAMNSAKER ETTER LOV 18. MAI 1990 NR. 11 OM STADNAMN, § 12

Klagesak 14/2020

Klagar: Kommunen og grunneigarar

Namn: *Skåmedal* eller *Skomedal*

Namnetype: Gards-, bruks-, natur- og seternamn

Det påklaga vedtaket gjort av: Kartverket, jf. § 7 tredje ledd

Leiar i klagenemnda: Marit Halvorsen

Øvrige medlemmer: Kristin Bakken, Eldar Heide, Gunnar Andenes, Astrid Fuglås

Kort saksframstilling

Kartverket gjorde 21. august 2019 vedtak om skrivemåten *Skåmedal* for eit gards- og bruksnamn og forleddet *Skåm(e)*- i fleire andre stadnamn i Bygland kommune. Vedtaket blei gjort i samsvar med nedervd lokal uttale. Vedtaket blei påklaga av kommunen og fleire grunneigarar, som ønskte skrivemåte med -o-. Klagarane viste til at det er ein sterk skriftradisjon for skrivemåten med -o-, og at denne skrivemåten er vel kjend og innarbeidd, slik at unntaksregelen i § 4 må vere avgjerande i denne saka. Etter ny høyringsrunde stod Kartverket ved sitt vedtak. Unntaksregelen i § 4 blei vurdert, men Kartverket meinte at ein skrivemåte med -o- kan føre til endring av uttalen, slik at unntaksregelen ikkje kjem til bruk i denne saka. Saka er difor send til klagenemnda.

Nemndas vurderingar

Nemnda la vekt på at uttalen av namnet er eintydig, og at skriftradisjonen er delt. Namnet blei i norrønt skrive med lang a (á), ein lyd som i moderne norsk skriftspråk har blitt til å. Nemnda meinte at ein skrivemåte *Skomedal* vil kunne føre til ein endra uttale av namnet. Nemnda fann difor at det ikkje er sterke nok argument for skrivemåten med -o-, og gjekk einstemmig inn for skrivemåten *Skåmedal*.

Nemnda gjorde slikt einstemmig

VEDTAK:

Som skrivemåte for gards- og bruksnamnet blir fastsett: **Skåmedal**. Skrivemåten med -å-gjeld òg dei andre namna i saka.

Oslo, 2. oktober 2020

Marit Halvorsen
leiar i klagenemnda

Line Lysaker Heinesen
sekretær

KLAGENEMNDA FOR STADNAMNSAKER

Språkrådet
Postboks 1573 Vika
0118 Oslo
tlf. 22 54 19 69
e-post: post@sprakradet.no

MØTEPROTOKOLL FOR KLAGENEMNDA FOR STADNAMNSAKER ETTER LOV 18. MAI 1990 NR. 11 OM STADNAMN, § 12

Klagesak 13/2020

Klagar: Grunneigar

Namn: *Åtnes/Åtenes/Otternes*

Namnetype: Gards- og bruksnamn med avleiingar

Det påklaga vedtaket gjort av: Kartverket, jf. §7 tredje ledd

Leiar i klagenemnda: Marit Halvorsen

Øvrige medlemmer: Kristin Bakken, Eldar Heide, Gunnar Andenes, Astrid Fuglås

Kort saksframstilling

Klagenemnda behandla saka i 2002, og gjorde da vedtak om skrivemåten *Åtnes*. Kartverket gjenopna saka i 2012 etter ønske frå grunneigar. Kartverket vedtok deretter skrivemåten *Otternes* i 2014, på bakgrunn av skrifttradisjon og lokale ønske, men dette nye vedtaket blei påklaga av ein annan grunneigar, som ønskte skrivemåten *Åtnes*. Klagen frå 2014 på skrivemåten *Otternes* kom frå Bård S. Bjørgum (eigar gnr/bnr 33/1). Han meiner det er uheldig å endre ein skrivemåte som har vore vedtatt i tolv år. Han skriv at *Åtnes* er den skrivemåten som ligg nærast uttalen av gardsnamnet, som er *Aotnes*, og meiner at skrivemåten *Otternes* vil kunne endre uttalen av namnet. Han meiner òg at det er feil at skrivemåten *Åtnes* ikkje har blitt akseptert lokalt.

Kartverket gjorde nytt vedtak om *Åtnes* i 2019, med bakgrunn i nedverd, lokal uttale som framleis er i bruk. Ifølge opplysningane i saksdokumenta er uttalen /aotnes/ eller /aottnes/. Dette vedtaket blei påklaga av eigaren som fikk gjenopna saka i 2012, med ønske om skrivemåten *Otternes*. Klagen er mellom anna grunnlagt med at skrivemåten *Otternes* er grundig innarbeidd. Klagar meiner at skrivemåten *Åtnes* skaper forvirring og forveksling med naturnamnet *Otnes* som ligg like ved, og at denne skrivemåten dermed er i strid med stadnamnlova. Han skriv òg at det ikkje er naudsynt å skrive namnet med Å- for at uttalen skal bli /ao/, jf. at eit ord som *over* blir uttalt /aover/. Aurland kommune og Aurland Sogelag har uttalt seg i klagesaka, og skriv at dei ikkje har innvendingar mot

namnet *Otternes*. Kartverket har nå sendt saka til klagenemnda, og ber om at adressenamnet *Otternesvegen* blir tatt med i saka, i tillegg til dei andre avleidde namna.

Nemndas vurderingar

Namnet er ikkje sikkert tolka, så det at skrivemåten ikkje skal skygge for meiningsinnhaldet (jf. § 1), er ikkje relevant i denne saka. Når det gjeld skrifttradisjonen, er det ingen eintydig tradisjon for den eine eller den andre skrivemåten.

Uttalen av namnet, slik han kjem fram av saksdokumenta, er /aotenes/ (eldre uttale) og /aotnes/ (med kort eller lang diftong). Òg dei som ønsker skrivemåten *Otternes*, stadfester denne uttalen. Ut frå uttalen bør namnet skrivast med *Å*-, sidan dialektuttalen *ao* normalt svarar til *å* i skrift (*baot – båt, grao – grå, osb.*). Også målet om å ta vare på namnet som kulturminne tilseier skrivemåte med *Å*-, sidan folk som ikkje kjenner namnet kan tru det skal uttalast med same vokal som i *Otta* og *Ottestad* dersom det blir skriva med *O*-. Ein skrivemåte med *O*- kan føre til ei endring av uttalen.

Klagaren som ønsker skrivemåten *Otternes*, legg vekt på at det gjeld å unngå forveksling med *Otnes*, eit nes som ligg berre nokre kilometer unna langs riksvegen. Nemnda meiner at dette argumentet kan nyttast som argument for begge sider av saka, sidan både *Åtnes* og *Otternes* kan tenkjast å føre til forveksling med *Otnes*. Nemnda vil òg peike på at fullføringa av adresseprosjektet, som vil syte for at alle i Noreg har ei vegadresse, vil gjere slike forvekslingsproblem, som sikkert finst fleire stader i landet, minimale.

Ein skrivemåte med *r* (*Otternes* eller *Åtrenes*, som òg har vore i offentleg bruk) kan argumenterast for ut frå eitt av dei moglege opphava til namnet (dyrenemnet *oter*) og ut frå dei eldste dokumenterte skrivemåtane. Men ein slik skrivemåte har inga støtte i uttaleopplysingane, og vil gi føringar for tolkinga av namnet. Skrivemåten *Åtrenes*, som har vore med i tidlegare rundar av saka, har støtte i den eldre uttalen, men er ikkje ønska lokalt.

Etter ei samla vurdering gjekk klagenemnda einstemmig inn for skrivemåten *Åtnes* i samsvar med den lokale, nedervde uttalen. Vedtaket gjeld gards- og bruksnamna og dei avleidde namna (naturnamn, seternamn, adressenamn og namn på sjømerke).

Nemnda gjorde slikt einstemmig

VEDTAK:

Som skrivemåte blir fastsett: **Åtnes**

Oslo, 2. oktober 2020

Marit Halvorsen
leiar i klagenemnda

Line Lysaker Heinesen
sekretær